

Referat frå Campusmøte, campus Førde

Måndag 22.04.2024

Tid: 1300 – 1450

Stad: Fysisk på møterom Linus (også på nett)

Til stades:

Monica Wammen Nortvedt - møteleiar, Øyvind Midtbø Berge, Sondre Langedal Ness og Tobias Hersvik Ørnehaug frå studentcampusråd Førde, Anny Aasprang, Eli Nummedal, Irene Valaker, Hans Jakob Reite – sekretær

Observatørar: Geir Kåre Resaland (nett), John Tveit (nett), Jobbjørn Myren (nett) og Gro Rukan.

Forfall: Erik Kyrkjebø, Sigurd Sandvoll

Sakliste:

Sak	Tittel
06/24	Godkjenning av innkalling og sakliste. Endeleg godkjenning av tidlegare godkjent referat frå februar møtet. Alt ok.
07/24	Saker frå sist møte - oppfølging: Hans Jakob og Geir Kåre orienterte om kommunikasjon om korleis innhaldet i Campusmøta skal kommuniserast til tilsette og studentar. Dette gjeld både i forkant av Campusmøta og resultatet av møta. Dette vert no drøfta i samband med nye retningslinjer for møta. For dette møtet legg vi eit konsentrat i teams – Campus Førde – med lenke til referat.
08/24	Utkast til rapport Campus Vie-prosjektet: Gro Rukan la fram utkast til rapport. Den endelege rapporten vert å legges ved dette referatet. <ul style="list-style-type: none">- Rapporten vert handsama i styringsgruppa 29. april.- Fleire uttrykte at dei var imponerte over grundigheit og presentasjon av rapporten.- Ved bruk av Angabygget vert det avgjerande at «rokadeplan» vert kommunisert og involvert i høve dei som arbeider der under omorganiseringsperioden.

	<ul style="list-style-type: none">- Vestlandslegen vart trekt fram som eitt av dei viktigaste momenta for å kome vidare i prosjektet.- Styringsgruppa vil stake ut vegen vidare.
09/24	<p>Campusprofil og oppfølging av omdømelunsjen. Nokre moment:</p> <ul style="list-style-type: none">- Tilsette på Campus Førde er opptekne av å vektlegge både Campus Førde og HVL i sin heilskap.- Korleis kan vi konkretisere arbeidet med helseteknologi/helse og teknologi på tvers av dei to fakulteta i Førde?- Vi får stadig fleire forskarar som vil gå inn i grenselandet robotikk/helse.- Utviklingsprosessen for elektro og informasjonsteknologi på IDER/FTMS legg vekt på fleksibilitet, nærheit til næringslivet/arbeidslivet og praksis. Dette er også i tråd med tankegangen på dei andre utdanningane på Campus Førde. Sjukepleie bør trekkast inn i dette arbeidet fram til søknaden om omlegging/justering av IDER vert levert i september.- I helseteknologi må ein fokusere på samhandlinga mellom menneske og maskin. Ein må bruke både «helsespråk» og «teknologispråk». Helseteknologi kan brukast meir som case i prosjektarbeid.- Det er viktig å satse på helseteknologi, men ein må på Campus Førde også satse på dei andre ingeniørretningane.- Det er viktig å få presentert tverrfaglege prosjekt på ein slik måte at først tenkjer ein fagleg, og deretter tverrfagleg. Ein må også kunne trekke inn studentar i deler av store prosjekt. Lag samarbeidscase og pitch-konkurranse. Kva med HVL Skape i denne samanhengen?- Linjeforeningane må verte ein ressurs i dette utviklingsarbeidet. Felles satsing omkring entreprenørskap er viktig.- Vi må hugse på at Helse Vest IKT er ei stor bedrift med 700 tilsette.- Vi må konkretisere samarbeidet med Norec i Førde som ein del av den internasjonale satsinga vår.- Kan vi få til tverrfagleg satsing opp mot EXPO i juni? Her kan ein dyrke både fagleg og sosialt samkvem. Årsplanar og timeplanar må koordinerast dersom ein skal oppnå betre resultat her.- Studentaktiviteten må opp og strukturen her er stadig betre. Tida er inne for handling. Dei unge lærarkreftene veg HVL Førde er ein ekstra stor ressurs i denne samheng. Studentidretten er på frammarsj.

	<ul style="list-style-type: none">- Vidare oppfølging: Strategisk universitetsprogram i digital helse leia av Yngve Lamo vil ha møte i Førde 26. april. Forskarane Christian Moltu, Erik Kyrkjebø og John Roger Andersen m. fl. vil drøfte satsing, samarbeid og prioritering av midlar. I tillegg vil det verte arrangert eit seminar 12. juni saman med Helse Førde der alle som jobbar i skjeringspunktet helse og teknologi vert invitert. Vi bestemte også at det skulle kallast inn til ny workshop før neste Campusmøte. Vi kjem tilbake til tema for denne.
10/24	<p>Eventuelt – om Campusmøta framover.</p> <ul style="list-style-type: none">- Vi legg opp til tre campusmøte i studieåret. Vi har eit lite digitalt i februar. Vi har i tillegg to større møte med viktige Campuslunsjar/workshop for tilsette og utvalde studentar i forkant. Eitt i oktober og eitt i april.- Torsdag 24. oktober vert det kalla inn til neste Campusmøte kl 1300. Sekretær kallar inn til workshop og Campusmøte inn så snart som mogleg.- På oktobermøtet vil vi gå igjennom dei nye retningslinene for Campusmøte.